



Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann/ byrådsleiar

Dykkar ref:

Vår ref:

Dato: 23.06.2017

Informasjon om busetting av flyktningar i 2017 og 2018

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats når det gjeld busetting og kvalifisering av flyktningar. Det er viktig at kommunane held fram dette arbeidet for at flyktningar raskt skal kunne busette seg. 2016 vart eit rekordår med over 15 000 busette flyktningar. 1 600 av desse var einslege mindreårige flyktningar. Busettinga held eit høgt nivå også i 2017 og oppdaterte prognosar for busettingsbehov frå UDI tilseier at behovet vil vere om lag 11 080 personar inkludert 820 einslege mindreårige. Samstundes vil den låge inkomsten av asylsøkjjarar føre til eit langt lågare busettingsbehov i 2018.

Basert på oppdaterte prognosar for busettingsbehov frå UDI, ser det no ut til at behovet for busetting av flyktningar i 2018 vil vere om lag 4 440 personar. Dette er om lag ein tredel av busettingsbehovet for inneverande år. Det er venta at 210 av dei vil vere einslege mindreårige flyktningar og av desse vil i underkant av halvparten av dei vere under 15 år. Det er vanskeleg å seie om desse tala vil endre seg, vi kan berre slå fast at uvissa er stor.

Dersom busettingsbehovet for 2018 blir som noverande prognosar syner, vil ikkje alle kommunar som i år buset verte oppmoda for neste år. Dei kommunane som vert oppmoda, må vere førebudde på stor reduksjon. IMDi og KS er klar over at dette kan skape utfordringar for noen kommunar.

Kor mange flyktningar som skal busettast kan vere vanskeleg å talfeste på førehand. Det har alltid vore variasjon i talet på asylsøkjjarar som kjem til Noreg, men aldri så store svingingar som no. Trass dei mange flyktningane i verda, er det no få som kjem til Noreg. Det er nødvendig at kapasiteten for busetting vert tilpassa behovet.

IMDi vil, i samarbeid med UDI, følgje utviklinga nøye utover sommaren og hausten. På grunn av den store uvissa knytt til talet på nye asylsøkjjarar, vil oppmodinga om busetting i den enskilde kommune først gå ut i fjerde kvartal i år. Slik sett vil oppmodinga vere basert på dei siste tilgjengelege prognosane.

Ta gjerne kontakt med IMDi sine regionkontor dersom de ønskjer meir informasjon. Informasjon om busetting og nedgangen i busettingsbehov finst også på IMDi sine heimesider www.imdi.no

Med helsing

Libe Rieber-Mohn
direktør, IMDi

Lasse Hansen
administrerende direktør, KS